

Vår sakshandsamar  
Martin Vikhagen Åfløy 99 08 58 75

Vår dato  
21.10.2016

Vår referanse  
2013/2028-41/315

Tidligere dato  
20.09.2016

Tidligere referanse

Til  
Verneområdestyret for Setesdal Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Alf Odden, Sandsveien 11  
4230 Sand

## Høring av forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde - Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat i Bykle kommune

Forsvarsbygg syner til høring av forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde – Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat i Bykle kommune. Forsvarsbygg gjev høyringsvar til denne type saker med det utgangspunkt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

Forsvarets interesser i området er primært knyta til ivaretaking av luftoperative oppdrag. Vi oppfattar vidareføring av denne type oppdrag å vere dekket av unntaket for motorferdsel i føresegnenes kapittel V. som er omtalt på side 30 i høyringsutkastet til forvaltningsplana.

*Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, sikring-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.*

Luftoperativ verksemd inkluderer låg flyging med jagarfly og helikopter. Forvaltningsplana omtalar vidare behovet for å søke dispensasjon for bruk av området.

*Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til ..... landing med luftfartøy.*

Det må forståast korrekt at dette gjeld sivile luftfartøy, og ikkje aktivitet som følgjer av militær operativ verksemd. Det vil ikkje være hensiktsmessig å søkje om øvingsflyging for Forsvaret, da dette er avhengig av vær og tilgjengelige mannskaper, fly, treningsprogram mm. Slike aktivitetar skal være dekket av unntaket for militær operativ verksemd (punkt 3.3.3.2 V.)

Militær operativ verksemd i lufta omfattar og den treningsverksemd som er nødvendig for at luftforsvarets einingar skal ha den beredskap og kompetanse som politiske myndigheter krev. Luftoperativ verksemd må være beordra av operativ myndighet/ Forsvarets operative hovudkvarter. Det alt vesentligaste av Luftforsvarets flygingar vil være av operativ karakter.

Forsvarsbygg ber om at forvaltningsplana oppdaterast etter den måten verneføresegnene har blitt utforma dei seinaste åra. Miljødirektoratet har no tatt inn eit unntak frå ferdseisforbodet i alle nye føresegner.

- *Landing og start med Forsvarets luftfartøy*

Dette unntaket bør inngå i forvaltningsplana for å unngå motstrid mellom det generelle ferdseisforbodet og unntaket for militær operativ verksemd.

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405	Fakturasenteret	815 70 400	post@forsvarsbygg.no	975 950 662
Sentrum	Postboks 4394	<b>Telefaks</b>	<b>Internett</b>	<b>Bankkonto</b>
0103 Oslo	2308 Hamar	23 09 78 03	www.forsvarsbygg.no	4714 10 00280

Bjørn Bergesen  
Seksjonssjef arealplan

Forsvarsbygg eiendom

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Kopi til:

Forsvarsstaben Postboks 800, Postmottak 2617 LILLEHAMMER

---